



# Kyrkjeblad

FOR ASKVOLL

Nr. 3 JUL 2024 | 102. ÅRG.



*Vi ynskjer alle  
ei velsigna julehøgtid!*







# Dei fekk ikkje plass

I 2021 kom første smakebit av "Bibelen lett å lese". Då vart . ny utgåve av Lukas-evangeliet gjeve ut. Utgåva hadde fokus på korte setningar og allmenkjende ord. Juleevangeliet lyder slik: "Medan dei var i Betlehem, hende det: Tida var komen, og ho skulle føda. Og ho fødte sonen sin. Han var det første barnet ho fødte. Ho la eit teppe rundt han. Så la ho han i ei krubbe, i høyet til dyra. For dei fekk ikkje plass der menneska sov" Her er det lett å forstå korleis det var då Maria og Josef kom til Betlehem og Jesus vart fødd. Det var ikkje plass til dei.

I Bibelen 2021 står det fylgjande: "Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei. (Luk 2, 6-7) Når det ikkje er husrom, så tyder det altså at det



Herberget

ikkje var plass der menneska sov. Ei julafta var det familiegudsteneste. Presten var i gang med å lese juleevangeliet høgt og så kom han til der det står: "for det var ikkje husrom for dei"....

Då var det ein liten gut som sa høgt slik at mange høyrde det: "Slik kan det ikkje vere!" Folk klappa og tykte guten var morsom. Dette inspirerte presten og han la spontant til: "Etter Jesu fødesel skal det vere husrom for alle! Som om engelene hadde skrivet med lysende skrift på himmelen den natten! Gjestfriheten er kommet til jorden. Ingen er lenger alene."

Ordet rom, som vi bruker på norsk, har sin opprinnelse i indoeuropeisk med tydinga "ope land, vidde eller rom" På engelsk brukar dei ordet "space", som har sin rot frå latin "fritt område, spaserplass" I Juleevangeliet handlar det om at det ikkje var plass til Jesusbarnet. Men når det gjeld Jesus Kristus i vår verd og i vårt liv så er spørsmålet om vi gjev han rom. Det handlar ikkje om tak over hovudet eller eit rom i huset. Den jødiske filosofen Martin Buber skriv i ei av sine forteljingar om ein rabbi som hadde nokre lærde menn som gjester. Han spurde: Kvar bur Gud? Dei lo og sa til han: Verda er full av Guds herlegdom. Men rabbineren svarte på sitt eige spørsmål: "Gud bur der han vert invitert inn!"

No må ein vel rekne med at det å gje rom for Gud; Faderen, Sonen og Den heilage ande, det vil vere ei utfordring. For han krev litt plass. Jesus seier om far sin: "Far min som har gjeve meg dei er større enn alle og ingen kan riva nokon ut or handa åt Far min." (Joh 10,29) Men framfor alt handlar jula om at Gud har plass til oss. Den spontane presten sette ord på dette: hos Gud skal det vere husrom for alle, gjestfriheten er kommet til jorden og ingen er lenger aleine.

I ungdomstida mi var det ein flink forkynnar som ofte var med oss ungdommane. Ein gong hugser eg at han sa at det er eit rom i Guds hus for akkurat deg. I det rommet står bøkene eg liker å lese, gitaren min, det er innreda og laga til for akkurat meg. Eg syns den måten å sjå det på er fin, for eg treng å vite at det er rom og plass for den eg er hos Gud. Han holdt ofte Bibelen i handa då han fortalde, han opna den og las høgt - og denne gangen må det ha vore fortellinga frå Johannesevangeliet i det 14. kapitlet han las i frå: Lat ikkje hjartet dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg! I huset til Far min er det mange rom. Var det ikkje slik, hadde eg då sagt dykk at eg går og vil gjera klar ein stad til dykk? Og når eg har gått og gjort klar ein stad til dykk, kjem eg att og tek dykk til meg, så de skal vera der eg er. (Joh 14,1-3)

Med ynskje om ei god og velsigna jul!

**Knut Magne Nesse, prost i Sunnfjord.**

# Nye tre år med musikkdiakoni

Askvoll sokn sette for snart tre år sidan i gang vårt musikkdiakonale prosjekt på Askvollheimen. Prosjektet var tenkt som 3-årig, og då soknet søkte om prosjektfinansiering vart dette sett på som nyskapande arbeid i skjæringspunktet mellom omsorg og kultur.

Björgvin bispedømme gjekk inn i prosjektet med kr 300.000,- i støtte. Askvollheimen støtta i første omgang med kr 80.000,-.

Prosjektperioden utløper etter februar 2025, men i og med at ein har gode erfaringar med dette, og har fått svært fine tilbakemeldingar, både frå bebuarar og tilsette ved Askvollheimen, ønskte soknerådet å halde fram med dette. Det var ein del restmidlar frå bispedømmerådet sitt tilskot, men ein trong meir midlar frå Askvollheimen til å halde fram. Seint i november kom gladmeldinga frå Askvollheimen om at dei er med på å støtte prosjektet for tre nye år.

Dette betyr at Askvollheimen kan gle seg til tre nye år med besøk frå Sabina som kjem på besøk og har musikkstundar, konsertar og hyggestunder annankvar veke.

Vi spurte Sabina kva ho tenkte då ho fekk høyre at prosjektet no er forlenga med tre nye år.

- Eg vart veldig glad då eg fekk høyre at vi no kan forlengje prosjektet med tre nye år. Ikkje berre vart eg glad på egne vegner, men og for bebuarane på Askvollheimen. Eg ser kor dei set pris på at eg kjem og kor mykje dette betyr. Eg er oppteken av å få tilbakemeldingar på kva dei synest om musikkstundene, og mange seier desse er veldig fine.



Sabina på pianokrakken på Askvollheimen

# Samman om ny kyrkjelydspedagog

Sokneråda i Askvoll, Fjaler og Hyllestad har inngått eit samarbeid om å opprette ei felles stilling som kyrkjelydspedagog som skal arbeide i heile dette området.

Samarbeidet gir Askvoll ein 40% stillingsdel og Hyllestad og Fjaler ein 20% stillingsdel kvar. Vi skulle helst hatt ei 100% stilling, men på grunn av økonomi vert no ei 80% stilling tilbydd fast.

Kva gjer ein kyrkjelydspedagog? Kyrkjelydspedagogen har ansvaret for kyrkjeleg undervisning, eller trusopplæringa/dåpsopplæringa som og blir brukt som kjente ord om arbeidet for barn og unge mellom 0-18 år. Dette skjer i samarbeid med staben elles, frivillige, foreldre, barna og ungdomane. Vi vil med dette styrke møteplassane for barn og unge slik ein kjenner dei i kvart sokn i dag, og utvikle møteplassane slik det er naturleg.

Ein har over heile landet generelt utfordringar med å rekruttere gode kandidatar til kyrkjelege fagstillingar og sokna gjer no eit grep for å få gode søkjarar. Vi ønskjer ein person i stillinga som helst har høgare utdanning innan pedagogikk og eller kristendomsfag.

Vi arbeider for at dette skal vere ei attraktiv stilling, med høg trivsel og gode arbeidstider. Vi


kan tilby gode og fleksible ferieordningar. Dersom den som vert tilsett ønskjer det, vil vedkommande t.d. kunne ha arbeidsfri i jula og påska, i skulens haust- og vinterferie og ei lang sommarferie på 8 veker. Vedkommande arbeider då konsentrert og tilsvarende full stilling resten av arbeidsåret.

Sjå gjerne utlysinga på våre heimesider, og oppmode personar du gjerne vil ha inn i stillinga til å søkje. Søknadsfristen er sett til 5. januar, og tilsettingsprosessen skal vere ferdig siste del av januar månad med snarast mogleg oppstart i stillinga.




Kyrkjevevrene Renate Ørnehaug Dale (Hyllestad), Jostein Bildøy (Fjaler) og Rune Ziener (Askvoll) feirar at alle sokneråda har slutta seg til samarbeidsavtalen om felles kyrkjelydspedagog.





# Julekonsert



4. desember var det julekonsert i Askvoll kyrkje med deltakarar frå heile Askvoll sokn og ein gjest frå Naustdal. Det var bra med publikum og full kyrkje med over enn 270 mennesker.

Tusen takk til alle som var med å lage julestemning og som ga ei gåve til vårt kyrkjemusikalske arbeid. Hjarteleg takk til Steinar Bauge som var i kyrkja og tok bilder og video, som vi bruker i artikkelen.


**Sabina Baylarbayova**



1. Askvoll kyrkjekor, Havklang og Atløykoret sang «Julesong» av Bjørn Willadsen. Tormod Johansen Ådlandsvik spelte solo på fløyte.

2. Ukrainsk songgruppe og Askvoll dansegruppe

3. Askvoll Musikklag med dirigent Jan Kjetil Myklebust frå Dale



4. Havklang – nytt kor frå Værlandet/Bulandet

5. Sabina Baylarbayova spelte piano, dirigerte og leia konserten på sin egen humoristiske måte.

6. Yaroslav Dubograi

7. Marius Ramberg frå Naustdal

## VELKOMMEN TIL BABYSONG - DER GENERASJONAR MØTEST

### DATOAR:

- Ons 8. januar
- Man 3. februar
- Man 3. mars
- Ons 9. april
- Man 5. mai

Samlingane er på Askvollheimen og vi startar kl. 10:00 med ei songstund på om lag ein halv time. Etterpå er det kaffi/te, frukt og kjeks for dei vaksne (kr 40,- pr. samling). Ta gjerne med eigen nistepakke eller lunsj om du ønskjer det. Vi er ferdige ca. kl. 11:00.

### PÅMELDING:

Sei gjerne i frå i ein sms til Sabina om du kjem. Tlf. 930 81 399





## Mariavise

Tekst: Hans-Olav Mørk

Legg barnet mitt lunt i et teppe og la oss få hvile og ro.  
Det var ikke plass hos de travle, det var ikke plass til oss to.  
Når livet blir til, må det elskes, og elskes fordi det er til.  
Så vanskelig er det å la det få rom, få rom til å bli hva det vil.

Han kom som et lys fra Guds himmel, en engel fortalte meg alt.  
Og jeg tok imot, og var åpen. Jeg visste at nå var jeg kalt.  
Til bare å være en åker der såkornet gror av seg selv.  
Så lot jeg mysteriet sakte ta form i barnet jeg fødte i kveld.

Vi fant ikke husrom, du lille, det var ikke plass noe sted.  
Og så ble du lagt i en krybbe, nå fyller du mørket med fred.  
Og varmen fra husdyr er blandet med duft fra din nyfødte hud.  
Så sterkt og så nært er ditt ansikt i natt, du evige sårbare Gud.

Svøp sjalet rundt barnet som sover og la oss få hvile og ro.  
Det var ikke plass hos de travle, det var ikke plass til oss to.  
Når livet blir til, må det elskes, og elskes fordi det er til.  
Så enkelt det er å la livet få rom, få rom til å bli hva det vil.

## Min finaste julesong

Første gong er hørde denne songen, fekk eg frysningar nedover ryggen, så nydeleg så inderleg og eit gjenskin av Guds fred. «Legg barnet mitt lunt i eit teppe og la det få hvile og ro». Ei stor kjensle av kjærleik mellom mor og barn. Kjærleik til eit barn som vert teke imot med opne armar.

«Han kom som et lys frå Guds himmel, en engel fortalte med alt». Kjenn på tryggleiken mellom Maria og engelen. Det er ingen redsel, Maria kjenner seg sterk nok til å ta imot kallet frå Gud. Det er noko spesielt med Guds fred som Maria får ta del i.

Songen ender med at Jesusbarnet sovnar i sjalet som Maria har lagt rundt Jesus. Maria er trygg saman med Josef og Guds fred som kviler over stallen.

For to år sidan hadde eg ei stor glede og fekk syngje denne songen saman med den dåverande soknepresten Kjell Olav i kyrkja i Holmedal. Denne songen vil for alltid vere med meg når jula kjem.

EMT



## Kyrkjemusikkutvalet i full sving

Soknerådet oppnemnde i haust eit heilt nytt utval som skal ha si merksemd retta mot det kyrkjemusikalske livet i soknet. Soknerådet har etter kyrkjeordninga mellom anna ansvaret for at kyrkjemusikken skal utviklast i soknet.

Utvalet er sett saman med representasjon frå ulike grupper. Kantor Sabina Baylarbayova med si kyrkjemusikkfaglege tyngde og som lokalt fagansvarleg for kyrkjemusikken, Silje Furnes Solheim og Oddgunn Keilegavlen Grane med sine roller i det lokale musikalske livet, sokneprest Tommy Erdal med hovudansvaret for gudstenesteliv og liturgi og kyrkjeverje Rune Ziener med kompetanse i strategi- og planarbeid og oversikten over ressurs-situasjonen i soknet. Funksjonstida til utvalet følger valperioden i soknerådet.

Kantor Sabina er som musikalsk fagansvarleg den naturlege drivkrafta i arbeidet. Heilt sidan ho vart tilsett for snart tre år sidan, har ho ivra for at vi skal få på plass eit slikt utval i soknet, slik at

vi for det første har brei fokus på kyrkjemusikken som sådan, arbeider planmessig og søker å sikre forutsigbare ressursar til dette arbeidet. Det kritiske punktet for å lukkast med eit større tilbod i Askvoll er at fleire frivillige tek på seg oppgåver av ulikt slag, så ein kan dra lasset saman.

Første oppgåve og hovudfokus er å utarbeide ei lenge etterlengta heilskapleg plan for det kyrkjemusikalske livet i soknet. Denne skal dekke heile spekteret av musikalsk aktivitet i kyrkja og omfatte tilbod til alle aldersgrupper. Utanom vidareføring av eksisterande kyrkjemusikalske aktivitetar vil utvalet på tiltakssida ha på plass t.d. barnekor og ungdomskor, og av meir nyskapande tiltak, t.d. Barnefestival og Kyrkjekaraoke.

Planforslaget var klart i november og soknerådet godkjente denne som sin plan i sitt novembermøte. Utvalet skal vidare sjå til at planen vert oppfølgt, tiltaka iverksett og at planen vert evaluert og vidareutvikla.



Askvoll sokn sitt kyrkjelydsutval: F.v. Sabina Baylarbayova, Rune Ziener (utvalsleiar), Oddgunn Keilegavlen Grane, Silje Furnes Solheim og Tommy Erdal.





## Tidebøn i Askvoll kyrkje for heile soknet

«Bøn er sjela si andedrett», er ei setning som har vore gjenteke gjennom heile kyrkja si historie.

«Herre, lær oss å be», bad læresveinane til Jesus. Svaret dei fekk var den fremste bøna til kyrkja, Fadervår, også kalla Herrens bøn. Jesus lærte læresveinane sine å be faste bøner. Bøner som gjev oss ord. Bøner som gjer oss i stand til å be saman med alle dei truande, med ei røyst. Bøna sameinar oss når me bed samstemmig.

Tidebøna lærer oss å be og hjelper oss til å be. I tidebøna bed me saman med dei kristne til alle tider og på alle stader. Me pustar og andar med den same Ande som Herren sjølv. Jesus både kjende til, siterte og bad Salmane i Det gamle testamentet. Og i Jesu munn gjekk Salmane bokstaveleg talt i oppfyljing. Salmane fortel om Jesu heilage frelsesverk. Salmane forkynner både Jesu fødsel, hans frelsande lidning og død, hans oppstode, himmelferd og hans sete ved Faderens høgre hand. Heile kyrkja si truvekjennning er til stades allereie i Salmane, og er fletta saman med alle våre menneskelege levekår og erfaringar.

Salmane har alltid vore kyrkja si viktigaste bønabok, og det er først og fremst Salmane me bed i tidebønene, sjølv om heile Bibelen høyrer til i tidebøna.

Slik bad også dei første kristne. Me les om dei i Apostelgjerningane. Der får me vita at i tillegg til å vera tru mot læra til apostlane, gudstenesta og nattverden, heldt dei også fast ved bønene. Det står ikkje bøn i ubunden form, men bønene, i bunden form fleirtal. Det fortel oss at dei tok vare på den bønetradisjonen dei kjende, som jødar, og den tradisjonen inneheldt framfor alt Salmane. Når denne tradisjonen og den aktive bruken av tidebøner forsvinn, er det eit av dei

viktigaste kjenneteikna til urkyrkja som går tapt. Difor er det eit vedvarande kall i all kyrkjeleg fornying å bidra til å fornya og styrka bruken av tidebønene, både i det kristne fellesskapet og hos kvar enkelt truande. Tidebøn handlar om å be gjennom timane i dagen.

Morgonsong innleiar dagen. Aftansong bed ein gjerne ved slutten av dagen. Kveldsbøna bed ein når natta kjem. Middagsbøn, har sin plass i løpet av dagen. Den fokuserer på tenesta i verda og vandringa gjennom livet.

I Askvoll kyrkje, legg vi til rette for å innramme veka med morgonbøn og middagsbøn om tysdagane og aftansong og kveldsbøn om fredagane. Vi brukar ei tidebønabok og les bønene saman i kyrkja. Det tek ei knapp halv time.

Tanken er at flest mogleg kan ha høve til å ta del i ei eller fleire bøneter. Det blir eit tilbod for heile soknet. Tidspunkta er tilpassa ferje-tidene til Værlandet.

### Tid og stad: Askvoll kyrkje

#### Tysdagar

kl.0915 Morgonbøn

Kl.1200 Middagsbøn (dersom ikkje gravferd)

#### Fredagar


kl.1735 Aftansong

Kl.2045 Kveldsbøn

### OPPSTART TYS DAG 17 DESEMBER -24

Vel møtt

«Herre, lat opp mine lepper så min munn kan lovprisa deg.» Salme 51,17



## Vi sat på same benken ...

... på Torgalmenningen i Bergen. Så vart eg merksam på at ho bøygde seg lenger og lenger framover. Til slutt heldt ho på å tippe hovudstups i gata. Ei mest medvitslaus, narkoman jente. Eg reiste meg og gjekk.

Ein annan episode og ei anna jente i same byen: ho rette ut handa og bad om pengar. Det var kaldt og surt. Eg gjekk rett forbi, men fekk dårleg samvit. Såg kor ho smatt inn i ein kiosk for å kjøpe seg mat. Ho fekk litt pengar til det, - av ein som kunne ha gitt meir.

Eller 7-8 julekveldar som hjelpeperson i Korskirken der Kirkens Bymisjon ber inn til det «store gjestebodet» (Luk 14, 15-24), og der mange, også dei lengst «nede», denne kvelden er særleg velkomne. Ei rusa kvinna som sat ved bordet ved sida av meg gjentok med høg stemme «nåde» og «fred» som gatepresten nett hadde sagt.

Inspirasjon og tankar kvernar rundt, og verseliner føyer seg saman og smett inn i ein melodi. Kunne H. C. Andersens forteljing om den vesle ihelfrosne jenta han skreiv om for nesten 180 år sidan vere ein tekstmal til noko i vår tid? Ikkje om «Svoelstikkerne», men om «nålestikkene»? «Hasta la Vista» («Eg ser deg att»).

«Det var saa gruelig koldt; det sneede og det begynte at blive mørk Aften; det var ogsaa den siste Aften i Aaret, Nytaarsaften. I denne Kulde og i dette Mørke gik paa Gaden en lille fattig Pige med bart Hoved og nøgne Fødder; ja hun havde jo riktignok havt Tøfler paa, ... men den ene Tøffel var ikke at finde. ... i et gammelt Forklæde holdt hun en Mængde Svoelstikker ... »

## Piken med nålestikkene

Fritt etter H.C. Andersen.

«Den lille Pige med Svoelstikkerne»

T & M: Ragnar Bull. 2010.  
Besifring: John Walker.

### Adagio

Kor: F Am/E F7/Eb D D7/F# Gm C C7 F

Tynn-kledd og blek kom-mer pi - ken med nå - le stik - ken-ne i sin arm. —

8 F/F Am/E F7/Eb D D/F# Gm Bb C/C Bb/F F

Ser på meg, går mot meg, rek - ker ut hån - den, midt i stor - by larm. FINE

17 Vers: Dm Gm Dm Gm/Bb A A7 A A7/C# Dm Dm

1. Sko-en falt av den kvel - den. Hjem-me er all - ting slemt. Bes - te-mor

26 Dm Gm Dm/G Dm/A A A7 Dm

er i him - len, Gud i hjer - tet er gjemt. D.C. al Fine.

### Kor:

Tynnkledd og blek kommer piken med nålestikkene i sin arm. Ser på meg, går mot meg, retter ut hånden, midt i storbylarm.

«Ingen havde givet hende en lille Skilling; sulten og forfrosnen gik hun.»

2. Mykt bøyes kroppen hennes, brostein er kald mot fot. Stjernen en lystrek sender, bestemor tar imot.

«... for gamle Mor- moer der nu var død, havde sagt: naar en Stjerne falder, gaaer der en Sjæl op til Gud.»

### Kor:

Tynnkledd og taus ligger piken med nålestikkene i sin arm. Så på meg, gikk mot meg, rettet ut hånden; kald nå, - en gang varm.

«... i Krogen ved Huset sad i den kolde Morgen- stund den lille Pige med røde Kinder, med Smil om Munden, siste Aften i det gamle Aaret.»

### Kor:

Tynnkledd og kald sitter piken med nålestikkene i sin arm. Hutrende, skjelvende, ser opp mot stjemen. Hjertet svakt i barm.

«De små Been havde hun trukket op under sig, men hun frøs endnu mere ...»



Nettfoto

3. Øverst ved bordet sitter piken, foruten stikk, Armen er hel og ny nå. Plassen nederst jeg fikk.

«... i Glandsen stod Den gamle Mor- moer, så mild og velsignet. «Mor- moer!» Raabte den Lille, «o tag mig med!»

### Kor:

Kvitkledd og renvasket sitter vi sammen benket om Herrens bord. Sykdommer, synder og stikk tok han på seg, Guds Sønn, frelser, bror.



# Havklang – nytt kor i øyane



**Havklang på øving i Askvoll kyrkje**

Denne hausten starta vi opp eit nytt kor for folk frå Værlandet og Bulandet. Etter «idemyldring og diskusjonar» fant vi navnet på koret – Havklang. 😊

Det er mest damer i koret, men vi håper at det blir fleire «karar» i framtida også.

Koret har hatt seks samlingar frå september til november, og dei har vore på generalprøve og dei deltok på Julekonserten i Askvoll kyrkje no i

desember. Det har vore veldig kjekke og resultative øvingar, der vi øvde mest på julesongane, men litt andre songar òg.

Frå januar vil vi prøve å ha korøvingane i Bulandet skule to gongar per måned.

Alle er hjerteleg velkomne. 😊

**Sabina Baylarbayova**

# Salmemaraton

I år begynte eg å planlegge noko nytt og då kom idéen om *salmemaraton*. Eg ville bruke same modell som til salmekveldane, som eg fekk idéen til å starte opp med i fjor, der folk sjølv kunne få bestemme kva salmar dei har lyst å syngje. Men no ville eg ha ei litt lengre samling; *salmemaraton*.

Kvar gong når vi har salmekvelder går 1,5 timar unna på ein augneblink. Difor tenkte eg at vi treng meir tid. Vi starta kl.18:00 og heldt på til kl.19:30, før vi hadde pause med sosialt samvær og mat. Vi tenkte at viss folk blir lenge på salmemaratonen då rekk dei ikkje kveldsmat heime, så difor serverte vi mat. Askvoll kyrkjekor med Sidsel Anita Itland deltok på salmemaraton, både med sang og ho hjalp til med å servere mat. Etterpå, frå ca. kl. 20:00 fortsette vi å syngje dei salmane som folk hadde lyst å syngje og høyre. Vi slutta rundt kl. 22:00. Eg brukte ordet «salmemaraton» i meininga at eg er der til sistemann kjem med eige salmeønskje 😊

Det kom ein god del folk frå Værlandet og Bulandet. Eg vart imponert over ei dame som hadde laga salmeliste på førehand og ho hadde med seg sin egen salmebok, helt fantastisk 😊 Forresten sang vi alle salmane som var på lista hennar og mykje meir.

Eg snakke veldig lenge med folk om den salmemaratonen heilt frå våren og fram til hausten, og mange tykte det var ein god idé. Det såg ut til at mange skulle komme, så vi hadde mat til 100 menneske. Men det var berre 30 stykker som kom. Det var trist 😞 men eg håpar at det kjem fleire neste gong vi skal ha same opplegget.

Eg bad dei som var der om å sende meg tilbakemelding som kunne hjelpe med evaluering av opplegget, og her er nokre av meldingane frå folk:

- «Tusen takk for en hyggelig sangkveld. Kost meg veldig. Hilsen Gunlaug Gillesøy 😊»
- «Hei, og takk for ein innholdsrik og sosial salmekveld. Der traff du blink! Eg har tenkt på slike opplegg ikkje må bli for kostbare. Det kunne ha vore ei enklare servering, slik at vi fortsatt kan ha slike samlinger. Det var veldig trivelig å vere der. Mvh Arne Fedøy.»
- «Takk for i går Sabina 🌸 Veldig kjekke kveld!! Tida gjekk så alt for fort 😊 Vil veldig gjerne at det blir fleire slike sangkvelder. Og så må vi alle jobbe for å få fleire med Takk for den flotte jobben du gjer Asta Landøy»

**Sabina Baylarbayova**





Vi er din lokale fagbutikk i kommunen som leverer alt av blomar i anledning gravferd:



- Kistedekorasjon
- Hjerte
- Kors
- Krans
- Bårebukett m.m.



Vi er og forhandler av gravminne, gravering og rens av stein.



**Salg, montering og service av varmepumper**

Ole Andreas Myrstad

[www.comfortservice.no](http://www.comfortservice.no)

Tlf. 906 32 818

**Panasonic**  
ideas for life



**NOVAPGODKJENT**  
FORHANDLER

**Isovator**  
F-gass  
Sertifisering

# Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte hjelpe dykk som pårørende, med alt som høyrer ei verdig gravferd til.



**Blomstertorget A/S**  
Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord  
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569  
[www.blomstertorget.no](http://www.blomstertorget.no)

**Fjordane**  
BEGRAVELSESBYRÅ

## NÅR DU MISTER EIN DU ER GLAD I

Å ta kontakt med eit gravferdsbyrå for å få råd om vegen vidare kan vere ein god måte å starte prosessen. Vi ønskjer å stå til teneste med råd, rettleiing og praktisk hjelp i planlegging av gravferda. Vi kan kontaktast alle dagar, heile døgnet.

FLORØ

Døgnbemanna telefon: 57 74 31 36  
Markegata 42, 6905 Florø  
E-post: [post@fjordan.no](mailto:post@fjordan.no)

FØRDE

Døgnbemanna telefon: 57 82 70 30  
Lindbøen 2, 6809 Førde  
E-post: [post@fjordan.no](mailto:post@fjordan.no)

[www.fjordan.no](http://www.fjordan.no)



# Velkommen til gudsteneste



## ASKVOLL KYRKJE

**Julaftan 24. desember kl. 16.00**  
Gudsteneste  
Offer til Kirkens Nødhjelp

**Nyårsaftan 31. desember kl. 16.00**  
Gudsteneste  
Offer til Askvoll kyrkje

**Søndag 19. januar kl. 17.00**  
Gudsteneste  
Offer til Sjømannskyrkja -  
Norsk kyrkje i utlandet

**Søndag 16. februar kl. 11.00**  
Gudsteneste  
Offer til Det Norske Bibelselskap

**Onsdag 5. mars kl. 19.00**  
Gudsteneste oskeonsdag  
Offer til kyrkjebladet

**Søndag 16. mars kl. 11.00**  
Gudsteneste  
Offer til Kirkens SOS



## VILNES KYRKJE

**Julaftan 24. desember kl. 11.30**  
Gudsteneste  
Offer til Kirkens Nødhjelp

**Søndag 26. januar kl. 11.00**  
Gudsteneste  
Offer til Redd Barna

**Søndag 23. februar kl. 15.00**  
Gudsteneste  
Offer til Kyrkjelydsarbeidet

**Søndag 23. mars kl. 15.00**  
Gudsteneste  
Offer til Kirkens Bymisjon Bergen



## STONGFJORDEN KAPELL

**Juledag 25. desember kl. 17.00**  
Høgtidsgudsteneste  
Offer til Kirkens Nødhjelp



## BULANDET KAPELL

**Juledag 25. desember kl. 13.00**  
Høgtidsgudsteneste  
Offer til Kirkens Nødhjelp

**Søndag 19. januar kl. 10.15**  
Gudsteneste  
Offer til kyrkjelydsarbeidet

**Søndag 23. februar kl. 10.15**  
Gudsteneste  
Offer til Kyrkjelydens misjonsprosjekt

**Søndag 23. mars kl. 10.15**  
Gudsteneste  
Offer til kyrkjeblad for Askvoll

## VÆRLANDET

**Gudsteneste i Værlandet  
Bedehuskapell våren 2025:**

**Søndag 9. mars kl. 10.30**

**Palmesundag 13 april kl. 10.30**

Sjå oppdaterte  
gudstenestelister på:  
[askvoll.kyrkja.no](http://askvoll.kyrkja.no)



## KVAMMEN KAPELL

**Julaftan 24. desember kl. 14.00**  
Gudsteneste  
Offer til Kirkens Nødhjelp

**Søndag 5. januar kl. 11.00**  
Gudsteneste  
Offer til kyrkjelydens misjonsprosjekt

**Søndag 2. februar kl. 19.00**  
Gudsteneste  
Offer til gravferdskappe i Kvammen

**Søndag 2. mars kl. 11.00**  
Gudsteneste  
Offer til Norsk søndagsskuleforbund



## HOLMEDAL KYRKJE

**Julaftan 24. desember kl. 14.00**  
Gudsteneste  
Offer til Kirkens Nødhjelp

**Juledag 1. januar kl. 15.00**  
Juletreffest i bedehuset. Andakt  
Offer til Holmedal bedehus

**Søndag 2. februar kl. 11.00**  
Gudsteneste  
Offer til kyrkjelydsarbeidet

**Søndag 2. mars kl. 15.00**  
Gudsteneste fastelavnssøndag  
Offer til Stiftelsen Evangeliesenteret

**Søndag 30. mars kl. 11.00**  
Gudsteneste  
Offer til Kirkens Nødhjelp

# Kyrkjelege handlingar



## DØYPTE

### VILNES

29.09.2024 Lone Grane Stølen  
24.11.2024 Rikke Nygård Helle

### KVAMMEN

06.10.2024 Emma Kristiansen

### HOLMEDAL

13.10.2024 Fryd Nikoline Tveit Sagosen  
17.11.2024 Olai Mjåseth Eimhjellen

### ASKVOLL

20.10.2024 Ella Madeleine Mjåseth Kindblad



## AVLIDNE

### ASKVOLL

09.08.2024 Marit Johanne Dalsøren f. 1953  
18.10.2024 Vera (Vesla) Haugen f. 1939  
24.10.2024 Nelly Kamilla Larsen f. 1923

### VILNES

30.08.2024 Steinar Leif Takle f. 1936  
10.09.2024 Atle Malvin Vilnes f. 1931  
21.11.2024 Elida Vilnes f. 1930

### HOLMEDAL

21.08.2024 Astrid Helle f. 1942  
19.11.2024 Torill Carlsson f. 1949

## ER DU VÅR NYE KYRKJELYDSPEDAGOG?

Vi har ledig stilling som  
kyrkjelydspedagog i inntil 80 % stilling.

**Søknadsfrist 5. januar.**  
Sjå fullstendig utlysing på:  
[www.askvoll.kyrkja.no](http://www.askvoll.kyrkja.no)



## TRENGER DU NOEN Å SNACKE MED?

Noen som ringer tenker på å ta sitt eget  
liv, andre er usikre, ensomme eller redde.  
Noen trenger bare å slå av en prat.

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)


**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
MELDING

**SOS**  
CHAT

**KIRKENS**  
**SOS**





Returadresse: Askvoll kyrkjekontor, Boks 14, 6988 Askvoll

**Dåp**  
**– ein god start på livet**

Vi får ikkje lenger informasjon om nyfødde barn. Difor får vi ikkje sendt ut dåpsinvitasjon til nybakte foreldre, slik vi gjorde før.

Ta kontakt om du ynskjer dåp!  
Send epost til [post.askvoll@kyrkja.no](mailto:post.askvoll@kyrkja.no), eller ring mobilnr.918 74 724

  
**DEN NORSKE KYRKJA**  
Askvoll sokn



## DEN NORSKE KYRKJA

### Askvoll




**KYRKJEVERJE**  
Rune Ziener  
✉ [rz459@kyrkja.no](mailto:rz459@kyrkja.no)  
☎ 479 63 319



**KYRKJESEKRETÆR**  
Hildegunn Helleset  
✉ [sekretaer.askvoll@kyrkja.no](mailto:sekretaer.askvoll@kyrkja.no)  
☎ 918 74 724



**SOKNEPREST**  
Tommy Erdal  
✉ [te263@kyrkja.no](mailto:te263@kyrkja.no)  
☎ 971 10 124



**KANTOR**  
Sabina Baylarbayova  
✉ [sb963@kyrkja.no](mailto:sb963@kyrkja.no)  
☎ 930 81 399

**KIRKEROTTENE KJEM TIL ASKVOLL KYRKJE**

**Mandag 10. februar 2025 kl. 1800.**

**vipps**

Betal gjerne kyrkjebladet med Vipps til  
**692979**  
Rettleiande kr 200,-

### ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll  
Askvollvegen 398, 6980 Askvoll  
Telefon: 918 74 724 · E-post: [post.askvoll@kyrkja.no](mailto:post.askvoll@kyrkja.no)  
Heimeside:  
Facebook: [www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll](http://www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll).

#### Kyrkjebladredaksjonen:

Rune Ziener (ans. red.), Hildegunn Helleset

**Leiar Askvoll sokneråd:** Wenche Ness Gabrielsen, tlf. 906 07 728

Org.nr. 976 996 267 • Bankkonto: 3740.15.57696

